



KYSTVERKET

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Dykkar ref.
2025/12229-10

Vår ref.
2025/3412-3

Arkiv nr.
413.1

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
08.10.2025

Fråsegn til planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland fylke

Viser til høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland fylke, datert 26.8.2025.

Regional plan for areal og mobilitet skal fastsetje strategiske føringar for utbyggingsmønstra i Vestland fylke. Føremålet med planprogrammet er å samla og oppdaterte føringar for den fysiske utviklinga i fylket.

Kystverket har følgjande faglege råd til det vidare planarbeidet:

- Kystverket vil oppmode til å gjere ei overordna kartlegging av hamnestrukturen og vurdere hamnene si betydning i fylket som ein del av kunnskapsgrunnlaget.
- Kystverket oppmodar fylkeskommunen til å invitere representantar for sjøtransporten og hamnene til å medverke i det vidare arbeidet.
- Fylkeskommunen bør oppmode, og legge til rette for, at fleire kommunar går saman når ein skal planlegge sjøområda.

Kystverket sin rolle


Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, tryggleik på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.

Et velfungerande transportsystem for sjøtransport beståande av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling langs kysten. Det er også viktig for at norske bedrifter skal kunne ta del i større handels- og produksjonsnettverk og for transport av personar. I tillegg er sjøvegen av sentral tryggleikspolitisk betydning og mogleggjer beredskap og forsvarsevne. Kystverket har rettleiing og informasjon på våre [nettsider](#).

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766




Kystverket sitt fråsegn

Planprogrammet er oversiktleg med klare føringar av kva som er mål for planarbeidet. Kystverket støttar fylkeskommunen i arbeidet med regional plan for areal og mobilitet. For næringslivet, beredskapen og forsyningstryggleiken er sjøtransport og hamner viktige tema å ta med i planarbeidet.

Hamner


Sjøtransport er avhengig av hamner og kaier som bindeledd mellom land og sjø. For effektiv hamneverksemd er tilgang på areal, tilknytning til infrastruktur, kontinuitet og heilårsdrift avgjerande. God tilkomstveg til hamna og tilstrekkeleg areal for lasting, lossing og lagring må sikrast. Klimaendringar og auka ekstremvêr knytt til havnivåstiging, vind-, bølge- og straumforhold vil påverke framtidig hamnedrift og må takast omsyn til i planarbeidet.

Norge er avhengig av sjøtransporten og sjøvegen er vitig i logistikknettverket og forsyningstryggleiken. Om lag 90 prosent av Norges sin eksport og om lag 80 prosent av importen går sjøvegen. Vi syner til NTP transportanalyser:



Bildet syner fordeling av eksport og import for samferdsel. Kjelde: NGM, NTP transportanalyser.


For Vestland fylke er eksport pr. transportmåte på sjø 99 prosent:



Bildet syner eksport pr. transportenhet for Vestland fylke. Kjelde: NGM, NTP transportanalyser.

Hamnene i Vestland fylke sin del av godsvolumet er 35 prosent (2024):

Godsvolum i Vestland som andel av hele landet



Godsvolum, sjø 2024:

	Lastet (utgående)	Losset (inngående)	Totalsum
Aurland	0	4 389	4 389
Austevoll	84 272	92 566	176 838
Bergen og Omland	59 335 238	7 497 589	66 832 827
Eidslandet/Mo (Modalen)	34 170	600	34 770
Etne	5 834	5 504	11 338
Florø	1 542 514	548 423	2 090 937
Husnes (Kvinnherad)	129 440	96 227	225 667
Kaupanger (Sogndal)	0	800	800
Kinsarvik	0	6 000	6 000
Måløy (Nordfjord)	165 999	104 288	270 287
Norheimsund (Kvam)	3 520	61 900	65 420
Stad (Selje)	34 034	50	34 084
Stord	2 171	19 920	22 091
Svelgen (Bremanger)	3 958 319	666 930	4 625 249
Totalsum	65 295 511	9 105 186	74 400 697


	Lastet (utgående)	Losset (inngående)	Totalsum
Alle rapporterte havner, 2024	160 291 812	51 660 529	211 952 341
Havner i Vestland	65 295 511	9 105 186	74 400 697
Havner i andre fylker	94 996 301	42 555 343	137 551 644
Vestlands andel av alle havner	40,74 %	17,63 %	35,10 %

Transport til sjøs er både sikkert, energieffektivt og klimavennleg. Skal denne viktige og miljøvennlege transporten oppretthaldast må logistikken mellom sjø og land vere effektiv og saumlaus. For å hente ut effekten av sjøtransporten må logistikken mellom hamnene og veg/bane fungere optimalt.

Det er difor viktige mål regionalplanen set for planarbeidet:

- *Utvikle strategiar og retningslinjer for lokalisering, funksjon og samspel mellom sentrale hamner, logistikknutepunkt, transportsystem og anna arealbruk.*
- *Bidra til effektiv vare- og næringstransport med god tilgang til hovudvegnett og logistikknutepunkt.*
- *Utvikle strategiar for beredskap og forsyningstryggleik*

Norske hamner er ofte viktige motorar for industri- og næringsutvikling og kan bli viktige bidrag til grøn omstilling og nye arbeidsplassar. Det er naudsynt med tilstrekkeleg og egna areal til utvikling av hamnene og logistikken rundt hamnene. Det krev investeringar og heilskapleg planlegging for å etablere hamnene som sentrale knutepunkt i transportsystemet. Vestland fylke har mange hamner som er vitige i logistikknettverket og forsyningstryggleiken.



Bildet til venstre viser sporing av skip med ankomst til norske hamner langs Norskekysten. Bilde til høgre viser sporing av skip for Vestland. Kjelde: AIS-linjer, Martraf, Godstransport og utenriksferger 2024.

Planområdet omfattar kystnære sjøareal ut til 1 nautisk mil frå grunnlina. Det er positivt at planprogrammet har kystnære sjøareal, strandsone og vassforvaltning som eige tema.

Godslogistikken med hamner og ferdsel inngår som ein del av dette temaet.

Kartdatabasen «Kystinfo.no» og «Kystdatahuset.no» kan nyttast for å bygge kunnskapsgrunnlag for nåverande og framtidig behov for sjøtransporten. Kystverket vil oppmode til å gjere ein overordna kartlegging av hamnestrukturen i fylket og vurdering av hamnene sin betydning i fylket som ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Farleier og ferdsel

Farleiene er vegsystemet på sjøen. Forvaltning av farleier og hamner er ein føresetnad for effektiv og trygg sjøtransport. Det meste av trafikken på sjøen går i farleiene, og det er derfor viktig at det ikkje blir planlagt tiltak som hindrar trygg og effektiv ferdsel i desse områda. Kystverket arbeider kontinuerleg med å sikre kortare og tryggare ferdselsårer, som igjen bidreg til mindre klimagassutslepp. Sjøtrafikken sitt arealbehov blir avgjort av trafikkbiletet, farvatnet si utforming, vêrforhold, dag- og nattseglas og navigasjonsinnretningar knytt til farleia.

For kommunar med sjøareal går ofte kommunegrensa til nabokommunen midtfjords. Det bør vere samsvar i arealføremåla inn mot nabokommunen sitt sjøområde.

Det er viktig at kommunane har god dialog med kvarandre når ein planlegg sjøområda, då det som vert planlagt i ein kommune kan ha konsekvens for ein annan kommune, både på kort og lang sikt. Kystverket er positiv til at arealplanlegging i sjøområda blir gjennomført som interkommunale planar. Vi vil oppmode fylkeskommunen til å legge til rette for at fleire kommunar går saman når ein skal planlegge sjøområda.

Vi syner til ny kart- og planforskrift og støttar bruk av nye verktøy som til dømes arealsone for trase for farlei, ferdsel i sjø og hamn.

Vidare planprosess

Kystverket viser til faglege råd i dette brevet og ber om at det blir teke omsyn til desse i den vidare prosessen. Vi ser frem til å følgje planarbeidet.

Med helsing

Ruben Alseth
Avdelingsleiar

Turid Susort Jansen
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Statsforvalteren i Vestland
Fiskeridirektoratet
Forsvarsbygg

Statens hus, Njøsavegen 2
Postboks 185 Sentrum
Grev Wedels plass 5

6863	LEIKANGER
5804	BERGEN
0151	OSLO